

Generalforsamling i Norsk Bane AS, mandag, 26.06.23, kl. 9:00 – 12:00

Generalforsamlinga vil bli halden digitalt. Ei lenke for oppkopling vil bli send med epost til påmelde deltakarar.

I tillegg til dei vanlege sakene av formell karakter, vil generalforsamlinga i år særleg omhandle spørsmåla knytte til ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli, sjå pkt. 7 på dagsordenen.

Framlegg til dagsorden

- 9:00 Opning av generalforsamlinga v/ Kjell Stundal og presentasjon av møtedeltakarane
1. Godkjenning av fullmakter
 2. Val av møteleiar, referent og dei som skal underteikne protokollen
 3. Godkjenning av innkallinga og dagsordenen
 4. Godkjenning av referatet frå generalforsamlinga 15.06.2022
 5. Årsmeldinga 2022 – gjennomgang og godkjenning
 6. Årsrekneskapen 2022 – gjennomgang av rekneskap og revisjonsmelding, fastsetjing av resultatrekneskap og balanse, utdeling av ev. utbytte, godkjenning av revisjonshonorar.
- 10:15 Pause
- 10:30
7. Ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli
 8. Munnleg orientering om andre viktige hendingar på våren 2023
 9. Vidare driftsgrunnlag etter generalforsamlinga. Eigenkapitalen til Norsk Bane AS.
 10. Emisjon og/eller styrefullmakt til utviding av aksjekapitalen
 11. Arbeidsplan og budsjett for 2023
 12. Val av styre, revisor og ev. valnemnd

ca. 12:00 Avslutning

Dei som har andre framlegg til saker for generalforsamlinga, er bedne om å sende desse til selskapet seinast innan fredag, 09.06.23, til dømes på epost: post@norskbane.no.

Dei som ikkje har høve til å delta på generalforsamlinga, kan gjerne sende **fullmakter** til andre. Fullmaktene må vere skriftlege og vere sende i god tid før generalforsamlinga til Norsk Bane AS, helst som epost med skanna dokument.

Påmelding til post@norskbane.no, eller telefon 70 10 16 40 innan mandag, **19.06.23**.


Jørg Westermann
dagleg leiar

Velkomen!

Kjell Stundal
styreleiar
sign.

Til dei einskilde punkta på dagsordenen

1. Godkjenning av fullmakter

2. Val av møteleiar, referent og den/dei som skal underteikne protokollen

Protokollen skal underteiknast av møteleiaren og minst ein annan person vald av generalforsamlinga blant møtedeltakarane, jf. aksjelova § 5-16.

3. Godkjenning av innkallinga og dagsordenen

4. Referatet frå generalforsamlinga 15.06.2022

Referatet frå generalforsamlinga følgjer her som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

"Referatet frå generalforsamlinga 15.06.2022 vert godkjent."

5. Årsmeldinga 2022 – gjennomgang og godkjenning

Styret sitt framlegg til årsmelding for 2022 følgjer her som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

"Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vedtek styret sitt framlegg til årsmeldinga for 2022."

6. Årsrekneskapen 2022 – gjennomgang av rekneskap og revisjonsmelding, fastsetjing av resultat rekneskap og balanse, utdeling av ev. utbytte, godkjenning av revisjonshonorar

Styret sitt framlegg til resultatrekneskap og balanse følgjer her som vedlegg. Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 6 636. Revisjonsmeldinga vil bli ettersend.

Utanom sjølve godkjenninga av rekneskapen skal generalforsamlinga òg ta stilling til ev. utdeling av utbytte, til godtgjersla for styremedlemene og til revisjonshonoraret.

Norsk Bane AS har i dei seinare åra hatt følgjande godtgjersle til styremedlemene: kr 30.000 til styreleiar, kr 15.000 til nestleiar og kr 10.000 til dei andre styremedlemene. Styret tilrår same sats for i år.

Styret tilrår følgjande vedtak:

"Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vedtek styret sitt framlegg til rekneskapen for 2022.

- a) Norsk Bane AS deler ikkje ut utbytte til aksjonærane for rekneskapsåret 2022.
- b) Godtgjersla til styremedlemene vert utbetalt med kr 30.000 til styreleiar, kr 15.000 til nestleiar og kr 10.000 til dei andre styremedlemene."
- c) Generalforsamlinga godkjenner eit honorar for revisjonen av rekneskapen 2022 på kr 13 500 eks. mva.

7. Ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli

På generalforsamlinga i fjor blei det uttrykt stor støtte til arbeidet med å førebu ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli og eventuelt andre samband, dersom det er mogeleg å få finansiert desse. Initiativet hadde i hovudsak bakgrunn i dei to følgjande momenta:

- Utgreiingane frå Deutsche Bahn International er no over 10 år gamle. I arbeidet vårt får vi ofte spørsmålet om materialet vårt framleis er relevant. Med ei ny utgreiing levert av eit kompetent selskap vil vi på nytt kunne setje dagsorden, skape nytt engasjement og tilby Stortinget eit oppdatert avgjerdsgrunnlag, ikkje minst for debatten om moglege løysingar på klimakrisa, naturkrisa og energikrisa.
- Dei to tilsette våre nærmar seg pensjonsalderen. Jørg vil fylle 67 år i august i år og Thor i juni neste år. Båe har stilt seg opne til å halde fram lenger om ein kan få gjennomført ei ny utgreiing og slik også kan få overført kompetansen i selskapet til framtidige tilsette.

Både disse to momenta har avgjerande betydning for å tryggje Norsk Bane AS sin posisjon som ein leverandør av jernbanefagleg kunnskap og ein fagressurs for politisk arbeid. Ei ny og oppdatert utgreiing vil såleis danne eit både fagleg og økonomisk fundament for Norsk Bane AS si verksemd i framtida.

Det har teke ein del tid å førebu det planlagde utgreiingsarbeidet. Alt før generalforsamlinga i fjor tok vi kontakt med ordførarane i dei største aksjonærkommunane i Norsk Bane AS for å høyre om dei kunne tenkje seg å medverke til ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli. Det var dei, sjølvstøtt med nødvendige atterhald om den framtidige handsaminga i folkevalde organ.

Dei største aksjonærkommunane har òg gjennom heile prosessen blitt konsulterte ved ulike spørsmål og gjeve mykje konstruktiv og positiv respons. Det same gjeld for dei tre fylkeslaga i Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, som òg fekk kontinuerleg informasjon og medverka aktivt til førebuingane, også økonomisk.

I søket etter eit konsultentselskap for utgreiingsarbeidet, har vi vore heldige og kunne i slutten av mars i år inngå ein intensjonsavtale med det spanske selskapet *Sener*. Dei har brei røynsle og høg kompetanse på alle relevante fagområde. Fleire detaljar går fram av eit døme på dei søknadene om tilskot som vi sendte i april og mai til relevante kommunar, fylke og verksemdar, sjå vedlegg.

Utgreiingsarbeidet har ei kostnadsramme på 7 mill. kr. Vi er no midt i finansieringsprosessen og har fått både avslag og tilsegner om tilskot. Det er likevel berre eit fåtal svar. Vi har difor førebels ikkje tilstrekkeleg informasjon til å kunne seie noko om resultatet av finansieringsarbeidet.

Dette vil mest truleg endre seg i vekene fram til generalforsamlinga. Mange kommunar og fylke har søknaden vår på sakskartet i slutten av mai eller i juni før jonsok. Aksjonærar som melder seg på til generalforsamlinga, vil få oppdatert informasjon om alle avgjerdene både om lag ei veke før generalforsamlinga og på sjølve møtet. Det vil gjere det mogeleg for generalforsamlinga å ta stilling til dei neste stega i prosessen, avhengig av resultatene av finansieringsarbeidet til då.

Dersom det til dømes fram til generalforsamlinga vil ha kome tilsegner om tilskot i eit betydeleg, men likevel ikkje fullt tilstrekkeleg omfang, vil det vere aktuelt å drøfte ulike tiltak for å tryggje restfinansieringa. Styret vil då leggje fram nokre innspel til drøfting på generalforsamlinga.

Dersom vi fram til generalforsamlinga derimot ikkje skulle få tilsegner om tilskot til utgreiingsarbeidet i tilstrekkeleg omfang og det heller ikkje ser ut til å kunne skje i vekene etterpå, vil Norsk Bane AS kome i ein vanskeleg situasjon. Då blir det eit ope spørsmål på kva grunnlag selskapet si verksemd skal kunne halde fram. Det synest då naturleg å kalle inn til ei ekstraordinær generalforsamling til hausten. Det taler for tre alternative framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak, alternativ A:

«Generalforsamlinga i Norsk Bane AS er godt nøgd med at selskapet har fått tilsegner om tilskot til ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli i tilstrekkeleg omfang, og bed styret om å setje i gang utgreiinga så snart som råd er. Generalforsamlinga føreset at viktige resultat av utgreiinga vil ligge føre før Stortinget si handsaming av ny Nasjonal transportplan på våren 2024.»

Framlegg til vedtak, alternativ B:

«Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vurderer det som svært sannsynleg at selskapet om kort tid vil få tilsegner om tilskot til ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli i tilstrekkeleg omfang, og bed styret om å setje i verk nødvendige tiltak, slik dei blei drøfta på generalforsamlinga. Styret skal setje i gang utgreiingsarbeidet så snart det økonomiske grunnlaget er til stades. Generalforsamlinga føreset at viktige resultat av utgreiinga vil ligge føre før Stortinget si handsaming av ny Nasjonal transportplan på våren 2024.»

Framlegg til vedtak, alternativ C:

«Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vurderer det som lite sannsynleg at selskapet i nær framtid vil kunne få tilsegner om tilskot til ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli i tilstrekkeleg omfang. Styret blir bede om å kalle inn til ei ekstraordinær generalforsamling tidleg på hausten 2023 for å drøfte grunnlaget for selskapet si verksemd i framtida.»

8. Munnleg orientering om andre viktige hendingar på våren 2023

Generalforsamlinga vil få ei kort orientering om andre viktige hendingar på våren 2023, med høve til spørsmål og kommentarar. Konkrete framlegg til vedtak vil bli tekne opp under pkt. 11 på dagsordenen om arbeidsplanen og budsjettet for 2023.

9. Eigenkapitalen til Norsk Bane AS. Vidare driftsgrunnlag etter generalforsamlinga.

Aksjelova har i §§ 3-4 og 3-5 krav til aksjeselskap sin eigenkapital. Eit tidlegare krav om at eigenkapitalen må utgjere minst 50 % av aksjekapitalen, er fjerna no, men lova har framleis eit krav om at eigenkapitalen til ei kvar tid må stå i eit forsvarleg høve til omfanget og risikoen til selskapet si verksemd. Dersom dette ikkje er tilfellet, skal styret gjere framlegg om tiltak for generalforsamlinga.

Ved utgangen av 2022 var Norsk Bane AS sin eigenkapital på kr 115 114. Det svarer til berre 1,1 % av aksjekapitalen på kr 10 159 000. Eigenkapitalen har auka litt i dei seinare åra og utgjer no nær det doble av eigenkapitalen ved utgangen av 2018, men det er framleis ein nokså liten sum.

Eigenkapitalsituasjonen har stått på dagsordenen for generalforsamlinga i dei siste tolv åra, og ein har alltid konkludert med at eigenkapitalen er liten, men forsvarleg i høve til omfanget og risikoen til Norsk Bane AS si verksemd. Ein har mellom anna vist til at selskapet ikkje tek opp lån og at arbeidet for dei fem lyntogfora har vore ei stor og nokså stabil inntektskjelde, trass i einskilde utmeldingar frå fora i dei seinare åra.

Slik er det òg i 2023, men kommune- og fylkestingsvalet til hausten vil fleire stader kunne føre til endringar som kan skape uvisse om den vidare deltakinga i lyntogforum og slik for godtgjerla til Norsk Bane AS i 2024. Det er òg ein betydeleg risiko for at lyntogfora gradvis vil kunne forvitte dersom det ikkje lukkast å gje arbeidet for eit moderne, nasjonalt jernbanenett eit nytt, kraftig løft. Dette var jo ein viktig del av motivasjonen for initiativet til ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli. Samstundes ser vi no at heilt eller delvis sjølvfinansierande, klimanøytrale og energisparande transportløysingar får stadig større betydning i den politiske debatten, med tilsvarande potensial for gjennomslag og framtidig inntening for Norsk Bane AS.

På annan side ligg det òg ein viss risiko i å gjennomføre eit større utgreiingsarbeid og mellom anna inngå ein kontrakt i euro med eit utanlandsk konsulentselskap. I budsjettet for utgreiingsarbeidet er det reservar for å kunne fange opp slike risikoar. Det inneber likevel at det er svært lite rom for å justere ned budsjetttramma for utgreiingsarbeidet. Det gjeld særleg dersom den norske krona skulle svekke seg ytterlegare i høve til euro.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga i Norsk Bane AS tek orienteringa om eigenkapitalen og den aktuelle økonomiske situasjonen i selskapet til etterretning. Generalforsamlinga sluttar seg til styret si vurdering om at eigenkapitalen er liten, men tilstrekkeleg, sett i høve til omfanget og risikoen til selskapet si verksemd i 2023.

10. Aksjeemisjon

Styret har, også uavhengig av dei lovpålagde krava til storleiken på selskapet sin eigenkapital, arbeid i mange år for auke eigenkapitalen til Norsk Bane AS, mellom anna for å byggje opp eit meir solid, økonomisk fundament for tevlingar om ulike oppdrag, og med tanke på nødvendige omstillingar når dei to tilsette våre vil gå av med pensjon.

I 2017 undersøkte styret til dømes om det var interesse for ein aksjeemisjon, etter fullmakta frå generalforsamlinga tidlegare same år. Det viste seg likevel at det utanom Vinje kommune var svært få som då hadde interesse i å teikne seg for meir enn små summer.

Dersom vi no lukkast i å gjennomføre ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli og slik kan skape ny og positiv merksemd for arbeidet til Norsk Bane AS, vil det òg kunne gi grunnlag for å invitere til ein aksjeemisjon, med bakgrunn i den auka merksemda ei slik utgreiing vil gje for saka. For somme vil kan hende ei aksjeteikning òg kunne vere eit alternativ til å gje tilskot til ei utgreiing.

Dersom det er aksjonærar eller andre som alt no kan tenkje seg å delta i ein aksjeemisjon med ein større sum, som alternativ eller tillegg til tilskot til den planlagde utgreiinga, bed vi om melding til administrasjonen i Norsk Bane AS seinast 12.06.23. Ved høveleg interesse vil styret då, i tråd med krava i aksjelova, utarbeide

eit konkret og grunngeve framlegg til vedtak og sende det om lag ei veke før generalforsamlinga til dei som ønskjer å delta på møtet. Dei som melder interesse for ein aksjeemisjon pliktar *ikkje* å teikne seg dersom generalforsamlinga skulle vedta ein emisjon, men interessa deira dannar eit grunnlag for styret si tilråding.

Ein bør vere merksam på at det vil kunne gå fleire månader frå eit eventuelt vedtak om ein emisjon på generalforsamlinga til det tidspunktet der selskapet vil kunne gjere nytte av den nye aksjekapitalen. Det skuldast at ein først må gje dei inviterte personane og verksemdene ein frist for å teikne seg. Når denne har gått ut, har dei som teikna seg ein ny frist for å betale inn kapitalinnskottet sitt. Og så må ein sende ei melding til Brønnøysundregistra med stadfesting på at alle innskota er innbetalte, og vente på godkjenning.

Til samanlikning vil ein aksjeemisjon etter fullmakt frå generalforsamlinga til styret ta endå lengre tid av di styret ikkje kan ta initiativ til ein aksjeemisjon før fullmakta er meld til og godkjend av Brønnøysundregistra.

Framlegg til vedtak, alternativ A:

«Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vedtek å gjennomføre ein aksjeemisjon i tråd med framlegget frå styret og endringane det er semje om på møtet.»

Framlegg til vedtak, alternativ B:

«Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vedtek i inneverande møte *ikkje* å gjennomføre ein aksjeemisjon.»

11. Styrefullmakt til utviding av aksjekapitalen

Som eit alternativ eller tillegg til eit eventuelt vedtak på generalforsamlinga om å gjennomføre ein emisjon, kan det vere aktuelt for generalforsamlinga å gje styret fullmakt til å gjennomføre ein emisjon. Det har vore praksis i mange tidlegare år. Denne fullmakta må vere avgrensa til maksimalt 50 % av selskapet sin aksjekapital på tidspunktet då fullmakta blei gjeven.

Styret bed generalforsamlinga om å vurdere følgjande framlegg:

"Generalforsamlinga i Norsk Bane AS gjev styret fullmakt til ein emisjon på maksimalt 5.079 aksjar med pålydande kr 1 000. Styret får fullmakt til å fastsetje overkurs for nye og eksisterande aksjonærar.

- a) Fullmakta gjeld til 1.6.2025.
- b) Det er ikkje høve til å teikne færre enn 3 aksjar.
- c) Styret har ikkje fullmakt til å fråvike aksjeeigarane sin fortrinnsrett.
- d) Styret har ikkje fullmakt til å auke aksjekapitalen mot andre innskot enn pengar.
- e) Styret har ikkje fullmakt til å gjere vedtak om fusjon."

12. Arbeidsplan og budsjett for 2023

Eit framlegg til arbeidsplan og budsjett for 2023 følgjer her som vedlegg. For framlegget til budsjettet er det utarbeidd to alternativ: Alternativ A føreset at det vil lukkast å gjennomføre ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli i andre halvdel av 2023 og delar av 2024, medan alternativ B gjeld for ein situasjon utan eit slikt utgreiingsarbeid.

I alternativ A er alle tilskota til finansiering av utgreiingsarbeidet førde opp som inntekter i 2023, sjølv om desse inntektene delvis vil kunne kome først i 2024. Tilsvarende er alle utgiftene til utgreiingsarbeidet førde opp som utgifter i 2023, sjølv om delar av desse vil kome først i 2024. Det vil seie at heile utgreiingsarbeidet er samla i budsjettframlegget for 2023, og at inntekter og utgifter i 2024 er førde opp som fordringar og avsetningar.

Både alternativ A og alternativ B er baserte på at dei tilsette får løn for ein måned ekstra som kompensasjon for dei månadene dei ikkje fekk løn i 2015 og/eller ei tilsvarende lønsregulering (løna har ikkje vore regulert dei siste 12 åra). I alternativ B er det vidare lagt til grunn at Jørg går ned til halv stilling frå 1.9.2023 (han fyller 67 år i august i år), medan Jørg arbeider for fullt i alternativ A.

Ved alternativ A er det òg teke høgde for at Norsk Bane AS i ein overgangsperiode vil kunne ha fleire enn to tilsette (fast eller mellombels tilsette, og ikkje alle nødvendigvis i full stilling). Om, når og i kva omfang Norsk Bane AS eventuelt vil kunne rekruttere og tilsetje nye personar, vil vere opp til det nye styret å avgjere, men både dei to tilsette selskapet har i dag, vil ha fylt 67 år innan juli 2024.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek framlegget til budsjett og arbeidsplan som retningsgivande for selskapet sitt arbeid i 2023.

13. Val av styre, revisor og ev. valnemnd

Generalforsamlinga i 2022 gjorde slikt val av styre: Heidi Bjerga, Sandnes (attval, for 2 år), Renate Nedregård, Bergen (attval, for 2 år), Tove Mette Bjørkmo, Sortland (attval, for 2 år) og Stian Hauge, Kviteseid (ny, for 2 år). Dei andre styremedlemene stod ikkje på val i fjor, men dei gjer det no. Det gjeld: Kjell Stundal, Bø i Telemark, Jan Ludvig Andreassen, Oslo og Gunhild Moe, Nesflaten i Suldal. May-Britt Tabak stod heller ikkje på val i fjor, men har takka nei til attval.

Etter vedtektene skal styret ha 3 – 9 medlemmar. Generalforsamlinga valde i fjor Torgeir Fosslie, Asbjørn Birke-land og Beate Marie Dahl Eide til valnemnda, og dei vil leggje fram tilrådinga si til nytt styre for generalforsamlinga, saman med eit framlegg til ny valnemnd.

Generalforsamlinga skal vidare velje revisor og står fritt til å nemne opp ei valnemnd. Deloitte i Haugesund har vore revisor for Norsk Bane AS dei siste åra. Styret tilrår at generalforsamlinga vel ei valnemnd og at Deloitte held fram som revisor for Norsk Bane AS.

Ålesund, 25.05.2023